



Fylkesmannen i Hordaland - Helse- og sosialavdelinga
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar: 2014/11440
Vår: 14/2734 - 14/11448

Saksbehandlar:

Tom Erik Lerkerød
tom.erik.lerkerod@radoy.kommune.no

Dato:

20.10.2014

Tilsyn - tiltak ikkje iverksett 1.halvår 2014

Syner til brev frå Fylkesmannen datert 29.09.14.

Radøy barnevernteneste rapporterte i halvårsrapport at fem barn hadde fått vedtak om tiltak pr 30.06.14, kor tiltaket ikkje var sett i verk.

Ved ettersyn av dette talet, har det komen fram at det er feilrapportering på to av barna. To av dei nemnde barna sine sakar vart konkludert med vedtak i juli. Med andre ord etter rapporteringstidspunktet. Desse to sakane var ikkje med i rapporteringsgrunnlaget for talet konkluderte undersøkingar pr 30.06.14, men vart feilaktig teken med i talgrunnlaget for barn utan iverksett tiltak.

Dei tre sakane kor det var konkludert med tiltak før 30.06.14, gjaldt to familiar. Desse sakane vart konkludert med behov for foreldrerettleiing. I familien med eitt barn vart undersøkinga konkludert den 18.06.14, og i familien med to barn vart undersøkinga konkludert den 25.06.14. Medarbeidaren i barneverntenesta som skulle gje familiene rettleiing byrja sin ferie kort tid etter konklusjonsdato. Rettleiinga vart derfor ikkje sett i verk før den 06.08.14 i alle tre sakane. Barneverntenesta vurderte at det i desse sakane ikkje var eit meir akutt behov for iverksetting av familierettleiing, enn at det var forsvarleg å vente til rettleiaren var tilbake frå ferie.

I høve dei to sakane som ikkje skulle ha vore med i rapporteringa, kan det nemnast at dei begge vart konkludert den 22.07.14 med behov for foreldrerettleiing i gruppe. Dette tiltaket vart sett i verk den 10.09.14. Det vart også i desse sakane vurdert at det var forsvarleg at dei venta utan tiltak fram til foreldrerettleiingstiltaket i gruppe hadde oppstart.

Ta gjerne kontakt ved behov for utfyllande opplysningar.

Med helsing

Johan Fredrik Bøschen Sandal
kommunalsjef helse og omsorg

Tom Erik Lerkerød
leiar barnevern

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jarle Landås

Johan Fredrik Bøschen Sandal

Nina Marie Kvamme

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland - Helse-
og sosialavdelinga

Postboks 7310

5020

BERGEN